

Sverre Nesse  
Seimstranda 479  
5912 SEIM

Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/1827 - 17/32428

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
14.11.2017

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, gbnr 177/6

### Dokument:

Søknad om tilskot motteke i kommunen 01.06.2016.  
Kostnadsoverslag og kart.

### Søknaden:

Det vert søkt om midlar frå SMIL-ordninga til å gjerde inn eldre beiteområde samt å legge til noko nytt areal der det før stod skog. Skogen blåste ned i ein storm. Området er rydda, men søker vil ikkje plante til på nytt. Søknaden som vart levert inn i 2016 har vorte liggande. Den omfattar 2100m gjerde rundt 300da gamle beiter og tidlegare skogsmark.

Kostnadsoverslaget er kr.294500,-, og det vert søkt om kr.147250 i tilskot.

Eigedommen er i drift med uteganger storfe – «Belted Galoway».

### Vurdering:

Søknaden kom inn året før og har vorte liggande. Tiltaket er godt, men det er stort. Sakshandsamar har vore på synfaring og har diskutert om søknaden kan delast i to. Det vart diskutert kva del ein skulle ta først, og var samde om at dette skulle vere den øvre delen aust for den gamle postvegen. Dette gjeld 1000 meter gjerde og to grinder.

I retningslinjene for SMIL-midlane i Lindås kommune er godkjend kostnad for å sette opp gjerde kr.80,-/meter. Dette gjeld for arbeid og materialer. Samlet kostnad for 1000 meter gjerde er kr.80000,-.

I tillegg to grinder a kr.1500,-.

Samlet godkjend kostnad kr.83000,-. 50% tilskotssats.

Søker har bede om at søknaden vert liggande på kommunen, slik at når første del er ferdig, kan andre del ta til utan ekstra søknad. Ein veit ikkje korleis reglane vert, men inntil vidare vert søknaden lagd i arkivet.

### Vedtak:



*Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 415000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2020.*

**Klagerett :**

Vedtaket kan pålagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

**Generelt om løyving av SMIL – midlar :**

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruksdelen.

**Utbetalning av tilskot:**

- Utbetalning av tilskot skjer etter skriftleg oppmading fra søker ( saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetalning på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetalning skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetalning vil konto 3632 55 31961 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

**Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:**

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetalning eller sluttutbetalning skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

**Kontroll:**

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbruksjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland              Postboks 7310              5020              BERGEN

**Mottakarar:**

Sverre Nesse              Seimstranda 479              5912              SEIM